

Kjerneområde Landbruk

Stryn kommune



Registrering av viktige kjerneområde for landbruk og kulturlandskap i Stryn

Desember 2006

Kjerneområde Landbruk og Kulturlandskap.

Dei siste 50 åra er meir enn 1 million da dyrka og dyrkbar jord omdisponert i Noreg, og verdifulle kulturlandskap vert nedbygde eller gror att. Landbruks – og matdepartementet har sett som eit nasjonalt mål å halvere den årlege omdisponeringa av jordressursane innan 2010, og å sikre ei berekraftig utvikling for å ta vare på og vedlikehalde kulturlandskapet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sende den 13.06.05 ut invitasjon til kommunane om å delta i pilotprosjekt for registrering av kjerneområde. På bakgrunn av at dette var eit aktuelt tema ved revisjon av kommuneplanen, melde Stryn seg på, og er ei av 8 kommunar i fylket som har delteke i prosjektet.

Tanken er at dersom kommunane peikar ut og kartfestar kjerneområde for landbruk, kan det vere eit verkemiddel til å nå dei nasjonale målsettingane.

Formannskapet gjorde den 02.02.06 vedtak om oppstart av arbeidet.

Kommuneplanen for Stryn er nyleg revidert, og registreringa av kjerneområde vil her verte eit grunnlag for arealplanarbeidet ved neste gongs revisjon, og elles eit hjelpemiddel ved vurdering av einskildsaker som gjeld arealdisponering. Målet med registreringa er ikkje å bandlegge dei aktuelle areala, men å sikre dei kvalitetar områda har i høve til den nasjonale målsettinga.

Arbeidet i kommunen har vore å definere og finne fram til viktige område som er godt eigna for matproduksjon, og dei mest verdifulle områda for landbruket sitt kulturlandskap.

- Områda vil dels vere areal med hovudvekt på jordressursar, dels areal med hovudvekt på kulturlandskap og ofte ha begge typar kvalitetar.
- Kjerneområde har ein viss storleik og samanheng
- Kva område som skal vere med må byggje på ei konkret fagleg vurdering i det einskilde tilfelle, ut frå lokale forhold og prioriteringar.
- Kommunen må fokusere på areal som i ein lokal samanheng er godt eigna for matproduksjon og verdifulle kulturlandskap.

I arbeidet har vi nytta vegleiar utarbeida av LMD og fylkesdelplan for arealbruk. Elles har vi kome fram til kriterie ut i frå korleis vi skal nytte planen seinare, og elles det som er naturleg ut i frå lokale forhold.

Definisjon av kjerneområde

Landbruksområde: Område som er godt eigna for produksjon av mat og fôr. Vi har gått ut i frå standarden som er brukt i ”Fylkesdelplan for arealbruk”. Dvs fulldyrka lett driven jord

som er i aktiv drift og som samanhengande utgjer meir enn 100 da til grasproduksjon eller 50 da til hagebruk.

Kriterier:

- Jordsmonn
- Klima
- Terrenget si hellingsgrad
- Storleik og arrondering på arealet
- Produksjonsmiljø

Kulturlandskap: Verdifulle område for landbrukets kulturlandskap. Område med heilheitlege landskap som er prega av landbruksdrift, og er spesielle, sjeldne eller representative enten lokalt, regionalt eller nasjonalt.

Kriterier:

- Landskapsoppleving
- Tilgjenge
- Biologisk mangfald
- Kulturminne/kulturmiljø
- Spor etter historisk interessante driftsformer
- Større, heilskaplege miljø

Presentasjon

Områda vert presenterte i kart i målestokk 1:10.000, i tillegg til eit oversiktskart over heile kommunen i målestokk 1: 50.000.

Kvart område er i tillegg beskrive med ein kort tekst som fortel kva kriterie som er lagde til grunn for prioriteringa.

Dei ulike områda

1. Hopland/Randabygda

Kombinert landbruk/kulturlandskap.

Eit aktivt og veldrive landbruksområde, trass i at store delar av området er brattare enn 1:5. Velstelte gardar og preg av aktiv drift i vanskelege driftsforhold gjer at området er spesielt, både lokalt og nasjonalt. Det er både husdyr- og frukt- og bærproduksjon i området.

Brekkene er areal tilhøyrande gardane på Hopland, og utgjer dei lettdrevne areala til dei bruka. Saman med gardane på Åland og Rand vert dette eit stort samanhengande areal med A-jord.

Det særprega bygningsmiljøet Nykvia/haugen ligg inne i området.

2. Tvinnereim

Kulturområde

Ein særprega del av landbruket sitt kulturlandskap med innslag av slåttemark, navingstre, utelader og murar.

3. Gald

Kulturområde

Ein gammal særprega gard med bratt innmark oppdelt av bakkemurar, mindre gardsvegar og rydningsrøyser. Området har også eit rikt innslag av styvingstre. Delar av det gamle bygningsmiljøet er teke vare på.

4. Kvennhusdalen

Kulturområde

Kulturlandskapet i Kvennhusdalen inneheld i alt 7 kvernhus som er sette i stand. Den nybygde oppgangssaga ved Sagedammen fortel om det tradisjonelle skogbruket.

5. Ulvedalstunet

Kulturområde

Garden har eit heilskapleg bygningsmiljø knytt til eldre tradisjonell jordbruksdrift. Bygningsmiljøet på garden er i god stand og er tilpassa moderne gardsdrift. Området omfattar òg ein gammal tjærehjell og den gamle husmannsplassen, Rabben.

6. Haugen/Robjørgane

Kulturområde

Eit særprega område med aktiv landbruksdrift basert på tradisjonelle driftsformer. Aktiv beitebruk gjer at området utmerkar seg. I tillegg finn ein element som artsrik slåttemark, lauvingstre og steingardar.

7. Utigard/ Faleide

Kulturområde

Er eit nasjonalt viktig kulturområde. Både det levande og varierte kulturlandskapet og det godt bevarte bygningsmiljøet, gjer Utigard eit heilheitleg område der det tradisjonelle landbruket si historie er halden i hevd.

8. Rise bru- Gjørven

Landbruksområde

Store flate areal i botnen av den vestlege delen Strynedalføret.

9. Garlid

Kulturområde

Eit eksempel på bratte og tungdrivne bruk der det framleis er tradisjonelt drift. Området er prega av naturbeitebruk, styvingstre og gamle vegar og murar.

10. Storesunde – Mindresunde

Landbruksområde

Område på begge sider av utløpet til Strynevatnet.

11. Flo

Kulturområde med aktivt landbruk

Frukt og grasproduksjon er og har vore driftsforma på Flo. Det bratte arealet gjer at området ikkje fyller kravet til kjerneområde for landbruk, men området er spesielt med si driftsform på brattlende bruk, og blir dermed teke med som kombinert areal.

12. Hjelle –Hjelledalen

Landbruk m/ kulturområde

Heile Hjelledalen frå Hjelle til Folven har samanhengande jordbruksareal. Inntil dette har ein område med steingardar, bakkemurar og uteløer .(Haugane)

13. Skåradalen

Kulturområde

Her finn ein restar etter gamle slåttemarkar med små lafta uteløer. Her er også innslag av naturbeitebruk.

14. Erdalen t.o.m. Greidung

Landbruk m/ Kulturområde

Erdalen frå Grande til Greidung er stort sett samanhengande areal med A-jord. På Greidung ligg område med steingardar og rydningsryser. Ved Bergefossen ligg tre kvennhus med installasjonar som er delvis intakte.

15. Rake

Landbruk – hagebruk

Samanhengande areal med frukt-og bær dyrking.

16. Loen

Landbruk m/ hagebruk

Samanhengande A-jord. For det meste grasproduksjon, men òg ein del grønnsaker, frukt og bær.

17. Tjugen/Haugen

Landbruk

Samanhengande jordbruksareal

18. Breng

Kulturområde

I tillegg til dei om lag 15 restaurerte stølshusa, dannar styva alm, ask og bjørk, hassellundar, beitemark og gammalt slåtteland eit vakkert og heilskapleg kulturlandskap. Området er ein populær stoppe- og fotoplass for turistar.

19. Brynstad – Melheim

Landbruk

Samanhengande areal A-jord for grasproduksjon

20. Yri

Kulturområde

Eit heilskapleg kulturlandskap med klyngetun, mange tekniske anlegg, urterike enger og fleire store gamle stuvar. Typeområdet er eit godt døme på gardsbruk der gamle tradisjonar har vorte halden i hevd. Ligg midt i ”turistløypa” inn Oldedalen, og er slik sett viktig i samband med reiseliv.

21. Oldedalen

Landbruk m/ kulturområde

Store flater i botnen av dalen. I dalsidene areal som er prega av geitebeiting.

22. Vanberg

Kulturområde

Ligg høgt og fritt over fjorden, og har mange element som vitnar om tradisjonell landbruksdrift. Området vert halde i hevd gjennom aktiv drift.

23. Agjeld

Kulturområde

Har eit gammalt tun og i tillegg finn ein gamle styvingstre og kulturminne som gardfjøs og uteløer.

24. Hilde

Landbruk

Samanhengande areal for grasproduksjon.

25. Skåden-Heggdal-Lyslo

Landbruk

Samanhengande areal for grasproduksjon med innslag av bær dyrking

26. Hage/ Myklebust

Landbruk

Samanhengande areal for grasproduksjon.

27. Bruland

Landbruk- hagebruk

Areal stort sett for bær- og fruktdyrking